



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/1615-3

28. mars 2023

Spørsmål til skriftleg svar nr. 1736

Eg viser til spørsmål til skriftleg svar nr. 1736 frå stortingsrepresentant Erlend Wiborg.

Spørsmål

«Feilinformerte statsråden Stortinget 9. mars om drivstoffavgiftene?»

Begrunnelse

I Stortinget 9. mars påstod kommunalministeren at regjeringen hadde redusert drivstoffavgiftene. Når man snakker om drivstoffavgifter tenker en på alle avgiftene en betaler pr liter drivstoff, altså også co2 avgift. I 2021 betalte bilistene totalt 6,32 kr pr liter bensin noe som er økt til 6,91 kr pr liter bensin i 2023. For diesel er økningen fra 5,16 kr liter i 2021 til 5,45 kr literen i 2023. En statsråd har plikt til å informere Stortinget korrekt og i replikkutvekslingen med undertegnende påpekte jeg feilinformasjonen fra statsråden uten at han benyttet anledningen til å beklage og trekke tilbake sitt feilaktige utsagn.

Svar

I Stortinget 9. mars 2023 uttalte eg i mitt svar til representanten Wiborgs første replikk til mitt hovudinnlegg: «*Vi er òg opptekne av andre tiltak, bl.a. å redusere avgifter på drivstoff, i motsetning til det Framstegspartiet gjorde då dei sat i regjering, då avgiftene auka.*»

I Hurdalsplattforma står det at regjeringa vil «*Redusere avgifter som rammer folk flest, som for eksempel elavgift og drivstoffavgifter, herunder differensiert veibruksavgift. Avgiftsnivået på biodrivstoff skal reduseres.*» Dette har regjeringa fylgt opp.

Tabell 1 viser de samla særavgiftene (CO₂-avgift og vegbruksavgift) på flytande drivstoff til vegtrafikk da regjeringa Støre tiltredde 14. oktober 2021 og i dag, samt endring i avgifter

under regjeringa Støre. Ved samanlikning av avgiftssatsar over tid, bør den underliggande prisstiginga korrigerast bort, slik at vi samanliknar reelle avgiftsendringar. I tabellen er derfor avgiftssatsar for oktober 2021 prisjustert til februar 2023 ved hjelp av Statistisk sentralbyrås konsumprisindeks. Tabell 2 viser, på tilsvarende måte, dei samla avgiftene på anleggsgjeld.

Tabell 1: Avgifter på flytande drivstoff til vegtrafikk i 2021 og 2023. 2023-kroner per liter.

	14. oktober 2021			2023			Endring
	CO ₂ -av.	Veibr.	SUM	CO ₂ -av.	Veibr.	SUM	
Bensin	1,48	5,41	6,89	2,21	4,70	6,91	0,02
Mineralolje	1,71	3,87	5,67	2,53	2,92	5,45	-0,12
Bioetanol	-	2,65	2,65	-	2,08	2,08	-0,57
Biodiesel	-	3,95	3,95	-	2,91	2,91	-1,04

Kilde: Statistisk sentralbyrå og Finansdepartementet.

Tabell 2: Avgifter på anleggsgjeld i 2021 og 2023. 2023-kroner per liter.

	14. oktober 2021			2023			Endring
	CO ₂ -av.	Grunnav.	SUM	CO ₂ -av.	Grunnav.	SUM	
Mineralolje	1,71	1,88	3,59	2,53	-	2,53	-1,06

Kilde: Finansdepartementet.

Under regjeringa Støre er dei samla avgiftene på drivstoff til vegbruk reelt reduserte for biodiesel, bioetanol og mineralolje og om lag uendra for bensin. Under regjeringa Støre er grunnavgifta på mineralolje avvikla. Dermed er avgiftene på anleggsgjeld også reelt reduserte.

Regjeringa er oppteken av å redusere drivstoffavgiftene, slik eg informerte Stortinget om 9. mars 2023, og regjeringa har redusert drivstoffavgiftene.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik